



Inspeksjonsrapport

Inspeksjonsrapport nummer: 06.038

Informasjon om verksemda

Namn: Indre Hordaland Miljøverk IHM	Organisasjonsnr.: 971 155 876
Adresse: Pb 161, 5701 Voss	Telefon/e-post: 56 52 99 00
Besøksadresse: Bjørkemoen	Anleggsnr.:
Kommune/kommunenr.: 1235	Bransjenr. (NACE-kode): 90.020

Til stades under kontrollen

Frå verksemda: Gunnar Bråten Nils Gredstveit, Ellen Astrup	Frå Fylkesmannen Sissel storebø Astrid Holte
---	--

Innhald i rapporten

Rapporten omtalar dei avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen. Følgjande hovudtema vart kontrollert:

Drifta av mottaket, handtering av farleg avfall, blant anna lagring, deklarerings, vidarelevering.

Resultat av kontrollen

Fylkesmannen avdekte totalt 1 funn, av desse 0 avvik* og 1 merknader*.
Funna er omtalt i vedlegget til rapporten.

* Definisjon av avvik og merknader er gjeve på neste side.

Oppfølging etter kontrollen

Inga tilbakemelding

Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding som stadfester at tilhøva er retta og som gjer greie for gjennomførte tiltak når det gjeld avvik. Pålegget er heimla i forureiningslova § 49.

Frist for skriftleg tilbakemelding: **23. juni 2006.**

Dersom fylkesmannen ikkje har motteke den skriftlege tilbakemeldinga innan fristen, kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt. Eventuelt vedtak om tvangsmulkt vil bli førehandsvarsla.

Voss
Stad:

10.05.06
Dato:

Astrid Holte (sign)
Fylkesmannen
(etter fullmakt)

Definisjon på avvik og merknader

Avvik: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga; t.d. brot på krav i forureiningslova, forskrifter heimla i forureiningslova eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar.

Merknad: eit tilhøve som tilsynsetatane finn nødvendig å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerheit og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Handtering av farleg avfall

Farleg avfall inneheld helse- og miljøfarlege kjemikal. Det kan ikkje handterast saman med anna avfall, fordi det kan føre til alvorleg forureining eller fare for skade på menneske og dyr.

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) har i kapittel 11 reglar for farleg avfall. Her er det reglar for forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall (§11-5), krav om løyve (§ 11-6 og §11-7), leveringsplikt (§11-8), deklarerering (§11-12) og tilsyn (§11-15).

Kommunale mottaksanlegg og private mottak/mellomlager for farleg avfall er anten regulert gjennom eige løyve frå Fylkesmannen eller gjennom vedlegg 2 til kapittel 11 i avfallsforskrifta (standardiserte krav).

Kontrollen har fokus på enkelte utvalde avfallstypar som kan innehalde prioriterte miljøgifter:

- PCB i m.a. bygningsmaterial som isolerglas, mørtel og fuger
- Krom/ arsen- og kreosotimpregnert trevyrke
- Bromerte flammehemmarar (BFH) i m.a. isolasjonsmaterial som EPS (isopor og liknande plast), XPS (byggeskum) og cellegummi (rørisolasjon). BFH finst og i EE- avfall.

Impregnert trevyrke er ikkje merkt. Avfallsmottak må difor spørje etter informasjon om trevyrket slik at krom/arsen- og kreosotimpregnert trevyrke blir handtert åtskilt frå anna trevyrke.

Det same gjeld for isolerglasruter, kondensatorar eller lysarmatur som inneheld **PCB**.

Isolasjonsmaterial med **bromerte flammehemmarar** er ein ny type farleg avfall (2004) som mottaka bør vere merksame på. Denne avfallstypen kan leverast saman med anna bygnings- og rivingsmaterial. Cellegummi er ein type isolasjonsmaterial som lett kan sorterast ut som ein eigen fraksjon.

EE- avfall er ikkje farleg avfall før det blir behandla i eigne mottaks- og behandlingsanlegg der dei ulike komponentane med helse- og miljøskadelege stoff blir tekne ut.

Vedlegg til inspeksjonsrapport nr 06.038

Avvik/merknader etter kontroll ved mottak for farleg avfall på Bjørkemoen den 10.05.06

Avvik 1: Verksemda handterer ikkje sitt farlege avfall i samsvar med krav.

Til kontrolløren: Stryk heimel som ikkje er aktuell (avvik frå vedlegg 2 til kap. 11 i avfallsforskrifta eller løyve - jf § 11-6 i avfallsforskrifta)

Avvik frå:

- Vedlegg 2 til kapittel 11 om farleg avfall i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), jf. § 11-7e i forskrifta
- eller løyve gjeve i medhald av § 11-6 i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), jf. forureiningslova § 11 og § 29.

Grunnlaget for avviket er kryssa av nedanfor:

- a) Verksemda har ikkje korrekt journalføring av motteke farleg avfall (vedl. 2 pkt. 9 el. løyve)
- b) Verksemda har ikkje tilfredsstillande lagring av farleg avfall (vedl. 2 pkt. 7.4 el. løyve)
- b 1 PCB-haldig avfall (isolerglasruter/kondensatorar)
- b 2 Krom/arsen- og/eller kreosotimpregnert trevyrke
- c) Verksemda har ikkje tilfredsstillande emballering/merking av lagra farleg avfall (vedl.2 pkt 6.2 og 6.3 el. løyve)
- d) Verksemda overskrid lagringstida for farleg avfall (vedl.2 pkt. 7.4 el. løyve)
- e) Verksemda leverer ikkje farleg avfall vidare til godkjend sluttbehandlar (vedl. 2 pkt. 7.4 el. løyve)
- e 1 PCB-haldig avfall (isolerglasruter/kondensatorar)
- e 2 Krom/arsen- og/eller kreosotimpregnert trevyrke
- f) Deklarasjonsskjemaet er ikkje tilfredsstillande utfylt (vedl. 2 pkt. 8 el. løyve)
- f 1 manglar i EAL-kodar
- g) Verksemda har ikkje løyve til handtering av farleg avfall (§ 11-6 i avfallsforskrifta og forureiningslova § 7 og § 28, jf. § 29)
- g 1 PCB-haldig avfall (isolerglasruter/kondensatorar)
- g 2 Krom/arsen- og/eller kreosotimpregnert trevyrke
- h) Avfallet er ikkje tilstrekkeleg sikra mot uvedkomande utanom opningstida (vedl. 2 pkt. 7 el. løyve)
- i) Anna (kva):

Kommentarar:
